



Voss herad  
Postboks 145  
5701 VOSS

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Voss herad - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Voss heradsstyre har i møte 17.12.2020, sak 120/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

Voss herad har framleis ein stram økonomi. Kommunen budsjetterer med låge positive netto driftsresultat i byrjinga av perioden, men med ei betring av resultatata i siste del av planperioden. Det er utfordrande å halde balanse i drifta dei første åra og kommunen bør framover styre etter dei vedtekne måltala sine, for å oppnå økonomisk berekraft og eit handlingsrom som er nødvendig.

Vi oppmodar om moderate låneopptak, både for å oppretthalde eit godt tenestenivå, men og sett i lys av at det er budsjettert med eit lågt rentenivå heile perioden og at andre vesentlege inntektskjelder er usikre.

### Budsjett 2021

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 4,8 mill. kroner, som utgjør 0,34 prosent av driftsinntektene. Resultatet skal disponerast ved å overføre 3,4 mill. kroner til investering og resten skal avsettast til fond. Det budsjetterte resultatet ligg under det anbefalte nivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) på 1,75 prosent. Samla driftsinntekter i nye Voss herad utgjør om lag 1,4 mrd. kroner, og resultatet er ut frå dette lågt, sjølv om dette var forventa i andre driftsåret i den nye kommunen.



2020 vart eit spesielt år med ekstra inntekt frå reformstøtte som ny samanslått kommune, mykje arbeid med samanslåinga gjennom året, i tillegg til covid-19 med ekstraordinære inntekter og utgifter. Det er derfor vanskeleg å samanlikna dette med ein ordinær driftssituasjon, sett bort frå kovid-19, sidan ein ikkje har historiske tal å samanlikne med.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot samanlikna med både saldert statsbudsjett i 2020 og oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at heradet budsjetterer lågare enn prognosemodellen. Med bakgrunn i usikkerheit knytt til covid-19 og skatteinntekter verkar dette fornuftig.

Inntekter frå kraftproduksjon er budsjettert til 18,6 mill. kroner, etter ein nedgang på 7 mill. kroner på sal av konsesjonskraft samanlikna med året før. Eigedomsskatteinntekter er noko redusert frå 2020 av di skattesatsen for eigedommar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader er redusert frå 4 til 2,1 promille. Samstundes er heradet gått over til å bruke Skatteetaten sitt formue-grunnlag som verdigrunnlag for eigedomsskatt frå 2021.

Det er budsjettert med nye investeringar i 2021 på om lag 153 mill. kroner, der investeringar i VAR utgjer 27,5 mill. kroner. Nye låneopptak utgjer om lag 100 mill. kroner. Dei største investeringane finn vi innanfor omsorg, barnehage og skule, i tillegg til VAR-investeringar.

Langsiktig gjeld per 31.12.20 utgjorde 1,35 mrd. kroner. Dette utgjorde om lag 93 prosent av brutto driftsinntekter. Gjeld pr 31.12.21 er budsjettert til om lag 1,4 mrd. kroner, og tilsvarar 99 prosent av brutto driftsinntekter.

### **Økonomiplan 2022 – 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er budsjettert med netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter på 0,48, 1,59 og 2,35 prosent i perioden 2022 – 24. Samla utgjer dette omlag 63 mill. kroner. Om lag 11 mill. kroner av desse er i økonomiplanen overført til investering og resten sett av til disposisjonsfond/fri eigenkapital.

Samla investeringar i planperioden utgjer om lag 630 mill. kroner. 477 mill. kroner av dette skal finansierast med opptak av nye lån. Det er lagt inn auke i rente- og avdragsutgifter kvart år i perioden som følgje av dette. Netto langsiktig gjeld aukar med om lag 211 mill. kroner. I prosent av brutto inntekter aukar den langsiktige gjelda frå 99 prosent til 112 prosent ved utgangen av 2024, og utgjer då 1,6 mrd. kroner.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal, alle i prosent av brutto driftsinntekter:

- oppnå eit netto driftsresultat på 1,75 prosent innan 2023. (det er oppretta eit eige prosjekt til dette «i Pluss 2023»).
- eit langsiktig mål om å få netto lånegjeld redusert til 65 prosent
- at frie driftsfond utgjer minimum 6,5 – 7 prosent



### Statsforvaltarens vurderingar

Vi har lese heradet sine planar, visjonar og verdiar for inneverande periode i plandokumenta, der økonomiplanen er lagt opp som kommuneplanen sin handlingsdel. Vi kan ikkje sjå at det er vedlagt oversikt på folketalsutvikling og demografi, noko som bør takast inn att i dokumenta.

Dei vedtekne måltala er fornuftige med tanke på å oppnå eit økonomisk handlingsrom og å ha ei føreseieleg og god økonomistyring, sjølv om beløpa i budsjettet og økonomiplanen viser at dette ikkje er situasjonen enno. Økonomiplanen viser ein samla reduksjon i utgiftene til tenestoområda på om lag 12,5 mill. kroner i løpet av perioden. Dette tilsvarar eit nedtrekk på om lag 0,9 prosent av brutto driftsinntekter, og reduksjonane er fordelte på dei ulike sektorane.

Alle år i økonomiplanen kjem ut med positive netto driftsresultat, og resultatata blir betre utover i perioden. I 2024 er det budsjettert med at heradet skal nå måltalet sitt når det gjeld netto driftsresultat, med eit resultat på 2,35 prosent av brutto inntekter.

I dokumenta står det at det er planlagt inn meir aktivitet i 2022 enn tidlegare innlagt. Samla investeringar i VAR-tiltak i perioden utgjer om lag 233 mill. kroner, som er sjølvfinansierande. Statsforvaltaren er uroa for at kommunen planlegg ein auke i gjelda gjennom perioden som er vesentleg sterkare enn veksten i driftsinntektene. Dette betyr auka finansutgifter, og at den nye kommunen blir meir sårbar for ein eventuell auke i renta fram i tid, som igjen får konsekvensar for midlar som skal brukast til tenester for innbyggjarane. Statsforvaltaren oppmodar om meir moderate låneopptak, og i større grad byggje opp eigenkapitalfond som finansieringskjelde til investeringar.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er elles informative og oversiktlege, og det er positivt at klimabudsjett er innarbeidd som ein del av dokumentasjonen.

Statsforvaltaren har motteke krav om lovlegkontroll av budsjett og økonomiplan etter endeleg vedtak i heradsstyret. Kravet blir handsama som ei eiga sak og svar sendt til kommunen i eige brev.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*